



Adresseliste

Saksbehandlar, innvalstelefon

Geir Moen, 71 25 84 71

## Høyring - Ny forskrift om fiske utanfor vassdrag med anadrome laksefisk (munningsfredningssoner) og nedsenking av garn i sjøen

Miljødirektoratet har gitt Statsforvaltarane i oppdrag å revidere fylkesvise forskrifter om fiske i munningsfredingsområde. Siste revidering av forskrift for Møre og Romsdal vart vedteke 08.05.2017.

**Høyringsfrist er sett til 19. mai 2022.**

### Formål:

Formålet med å regulere fisket ved utløpet av vassdrag er å gje anadrome laksefisk naudsynt vern mot overbeskatning. I munningsområda oppheld laksefisk seg over lengre tid, og kan opptre i stimar i påvente av gode tilhøve for oppvandring i vassdraget, eller for avlusing i brakkvatn. Der vassdraga renn ut i sjøen blir det danna brakkvatn, særleg i smale fjordar, sund og pollar. Her er det ofte rike blautbotnsområde med store mengder næringsdyr, der sjøaure kan samle seg for å beite. Når smolten vandrar ut frå elvene om våren er den sårbar for ytre påverknader i overgangen mellom ferskvatn og saltvatn.

I tillegg til å verne fiskebestandane mot overbeskatning, ønskjer vi forenkle regelverket slik at det blir lettare å forstå og handheve. Vi foreslår også å samle 4 fylkesvise forskrifter som gjeld regulering av fiske etter anadrome laksefisk i sjø i denne forskrifta, slik at vi står igjen med ei forskrift.

### Dette gjeld:

1. *Forskrift om fiske etter anadrome laksefisk, fredning ved utløp av vassdrag, i sund og straumar, Møre og R.*
2. *Forskrift om freda sone ved utløp frå kraftstasjon til sjø i Møre og Romsdal*
3. *Forskrift om nedsenking av garnreiskap, Møre og Romsdal*
4. *Forskrift om freda sone ved Dragsundet og Holmsundet, Skodje og Eide kommunar.*

### Bakgrunn og nasjonale regelverk

Bestandstilstand for sjøaure og laks i Møre og Romsdal tilseier at det er viktig med reguleringar av fisket. I ein ny [rapport frå Vitenskapelig råd for lakseforvaltning](#) var over 60 % av sjøaurebestandane i 200 vurderte vassdrag i Møre og Romsdal i svært dårlig eller dårlig tilstand. I ein [rapport om status](#)



for norske laksebestandar i 2021 var 47% av laksebestandane i 58 vurderte vassdrag i Møre og Romsdal i svært dårlig eller dårlig tilstand.

Den [nasjonale forskrifta om fiske etter anadrome laksefisk i sjøen, § 3](#), inneholder grunnreglane for fiske i 100-meters sona utanfor vassdrag. [Forskrift om redskaper mv. ved laksefiske, § 12](#) inneholder eit forbod mot å sette nokon del av fastståande reiskap (kilenot m.v.) nærare enn 100 meter frå munningen av alle vassdrag med anadrome laksefisk.

Statsforvaltaren har heimel til å utforme forskrift om munningsfredningssoner og nedsenking av garnreiskap gjennom [lakse- og innlandsfiskelova](#) § 40 og § 41. Dei fylkesvise forskriftene kan ha strengare reglar enn dei nasjonale forskriftene, men ikkje mildare.

### **Ny forskrift for munningsfredningssoner og nedsenking av garn i sjøen**

Utkast til ny forskrift er vedlagt. Her følger nærmere forklaring til dei føreslegne paragrafane

#### § 1. Formål

Det går klart fram at formålet med forskriftena er å verne anadrome laksefisk mot overbeskatning (i tillegg er det eit mål å forenkle reglar og handheving gjennom revideringa).

#### § 2. Verkeområde

Forklarer kva slag fiske som er omfatta av forskriftena og geografisk avgrensing. I tillegg blir det spesifisert at forskriftena kjem i tillegg til nasjonale fiskeforskrifter (fisketid og reiskap mv.)

#### § 3. Fiske i 100-meterssona

Her blir avgrensing av 100-meters sona forklart. Det går i tillegg fram at fiskereglane gjeld for alle vassdrag med årsikker vassføring der det går anadrom laksefisk.

Den nasjonale forskriftena vedtatt i 2021 har frå før strenge restriksjonar på fiske i 100-meterssona og vårt forslag skil seg i liten grad frå denne.

Alt fiske er forbode heile året med unntak av fiske med stong frå land i den tida det er opna for fiske etter den aktuelle arten av anadrome laksefisk i vassdraget. I denne perioden er det også lov å fiske saltvassfisk med stong frå land. Dersom elva har fisketid for laks, medan sjøaure er freda, betyr det at sjøaure som blir fanga i fisketida for laks må sleppast ut igjen. Dette er ei endring frå gjeldande forskrift for Møre og Romsdal, der det var fisketid for sjøaure som styrte fisketida i 100-meterssona og resten av munningsfredningssona. Endringa er gjort etter tilråding frå Miljødirektoratet, slik at det er mest mogleg like reglar i elv og sjø.

Dette betyr at alle andre reiskapar enn fiske med stong frå land er forbode i 100-meterssona, samt fiske frå båt.

#### § 4. Munningsfredningssoner (utanfor 100-meterssona)

Her blir avgrensinga av munningsfredningssona forklart. Dette gjeld vassdrag der det er behov for større fredingssone enn 100-meter. Det er anbefalt i nasjonale retningslinjer at sonene ikkje er større enn 2 kilometer, med unntak av der det er fellessoner med fleire elver. Fiskereglane er som regel noko mildare enn i 100-meterssona.

Liste over munningsfredningssoner er i vedlegget til forskriftena. Merk at vi har oppdatert koordinatar til grensepunkta til gjeldande koordinatsystem i Norge (EUREF89), Møre og Romsdal har frå før 79 munningsfredningssoner. Vi foreslår 3 nye munningsfredningssoner utanfor vassdrag på



Vartdalsstranda/Barstadvika i Ørsta kommune. Dette er vassdrag utan typiske fjordområde/sund, men bestandane er i fare for å gå tapt. Vi foreslår difor munningsfredingssoner for Barstadvikelva, Storelva i Vartdal og Nordre Vartdalselva. Sonene har 500-600 meter utstrekning ut frå elveutløpet, men har breiare sone inn mot land for å få med beiteområde for sjøaure.

I tillegg foreslår vi utviding av munningsfredingssona i Malmefjorden i Hustadvika kommune, slik at Holselva blir inkludert i munningsfredingssona til Malmeelva. Bakgrunnen er innspel frå Statens naturoppsyn, privatpersonar og mange meldingar om garnfiske etter anadrom fisk i fjorden gjennom ei årrekke.

For Steinsvikselva og Åmela i Dalsfjord (Volda kommune) har det ikkje vore samsvar med forklaringstekst og koordinatar til sona. Vi rettar teksten slik at den er i samsvar med koordinatane.

Kart over nye og endra munningsfredingssonar finnast i vedlegg til høyringsbrevet. Kart over gjeldande munningsfredingssoner finnast på heimesida vår ([Fiskeforvaltning | Statsforvaltaren i Møre og Romsdal \(statsforvalteren.no\)](#)).

#### § 5. Fiskeregler i munningsfredingssoner

Paragraf 5 inneheld reglar for fiske i munningsfredingssonene (§ 4).

Vi har lagt vekt på at reglane skal sørge for å ivareta og bidra til å gjenoppbygge anadrome bestandar. Reglane skal være enklare å forstå og handheve (oppsyn) enn i dag. I tillegg skal reglane ikkje gå utover fritidsfiske etter saltvassfisk i større grad enn naudsynt.

I Møre og Romsdal er det få stader at 100-meterssona er nøyaktig kartfesta, medan ytre grense for munningsfredingssona er oppmerka. Dette betyr at skiljet mellom 100-meterssone og munningsfredingssone er litt uklår utanfor ein del vassdrag. Bakgrunnen for dette er at det er få stader grensa mellom elv og sjø har blitt vedtatt. Dette vart tidlegare vedteke ved lensmannskjønn, men mynde vart etter kvart overført til kommunane. Det er få kommunar som har tatt tak i dette. Statsforvaltar har relativt nyleg fått mynde på lik linje med kommunane, men har ikkje hatt kapasitet til å gå inn i dette arbeidet no. Dette betyr at fiskereglane i 100-meterssona og munningsfredingssonene bør være relativt like, for å unngå uklårheiter.

Vi foreslår derfor same regel som i 100-meterssona om at det er lov å fiske anadrome laksefisk og saltvassfisk med stong frå land, når elva er open for fiske etter laks og/eller sjøaure.

I fellessoner med fleire elver som renn ut i munningsfredingssona foreslår vi at fisketida skal være styrt av den største elva, sidan ein del mindre elver er stengt på grunn av manglande fangstrapportering. Elva som styrer fisketida er vist med feit skrift i vedlegget over munningsfredingssoner. I munningsfredingssoner der alle elvene er stengt for fiske, vil alt fiske (også etter saltvassfisk) være forbode i munningsfredingssona i sommarhalvåret. Dette blir gjort for å bygge opp at bestandane, samt at det er vist seg svært vanskeleg å ha kontroll over om folk fiskar etter saltvassfisk eller anadrom fisk i munningsfredingssonene.

For å unngå at fiskereglane blir for inngrapande foreslår vi at det skal være lov å fiske med stong og handsnøre frå land, is og båt frå og med 1. oktober til og med 28. februar. Dette vil gjelde i alle munningsfredingssoner, men ikkje i 100-meterssona. Der 100-meterssona ikkje er nøyaktig kjent, må difor fisket foregå i minst 100-meters avstand frå elveutløpet. Bakgrunnen for at 28. februar er valt som sluttdato er at sjøaure er freda i alle sjøområde i Møre og Romsdal (unntatt Smøla kommune) frå 1. mars – 30. april i nasjonalt forskrift. Vi har sett opp eit høyringsalternativ (A) der det



er lov å fiske anadrom fisk i denne perioden (1.10-28.2), og eit alternativ (B) der anadrom fisk må gjenutsettast av omsyn til sjøaure som kan være bitevillig i tidlege vintermånader.

Unntaket gjeld ikkje for fiske etter sjøaure i fjordområdet Sunndalsfjorden, Tingvollfjorden, Bergsøyfjorden og Batnfjorden innanfor E39 i Møre og Romsdal. Her er sjøaure freda heile året, jf. § 2 i nasjonal forskrift.

Det blir ikkje opna for fiske med fastst  ande reiskap eller notfiske i munningsfredingssonene, men vi gjer eit unntak for bruk av teiner, sidan desse sjeldan fangar laks eller sj  aure. Vi foresl  r at fiske etter saltvassfisk med teiner blir tillatt fr   og med 1. oktober til og med 28. februar, n  r heile fangstdelen til ein kvar tid st  r minst 5 meter under havoverflata.

## § 6. Særskilte reguleringar

Her er forskrift om freda sone ved Dragsundet i Ålesund kommune og Holmsundet i Hustadvika kommune tatt inn i forskriften. Starttidspunkt for fredingsperiode er endra fra 15. april til 1. mars, for å harmonere betre med fisketida i munningsfredingssonene som dei to sunda ligg innanfor.

## § 7. Stopp i fisket

Dersom det oppstår situasjoner der bestandar av anadrome laksefisk står i fare for å overbeskatta, kan Statsforvaltaren stanse fisket i munningsfredingssonene med augeblickleg verknad.

## § 8. Nedsenking av garn utanför fredingssonene

Her er forskrift om nedsenking av garn i Møre og Romsdal tatt inn i forskrifta. Det er ikke gjort endringar i teksten.

## § 9. Fiskeforbod utanfor kraftverksutløp

Her er forskrift om fredingssone utanfor kraftverksutløp i sjø tatt inn i forskriften. Det er ikke gjort endringar i teksten.

§§ 10-12

Dette er standardformuleringar om høve til å søkje dispensasjon, handheving, sanksjonar og når forskriftera trår i kraft.

## Høyring:

Høyringsperioden er 4 veker fram til 19. mai.

Har du innspel til ny forskrift kan dette sendast til [sfmrpost@statstforvalteren.no](mailto:sfmrpost@statstforvalteren.no) innan 19. mai 2022. Merk med «innspel fiskeforskrift munningsfredning»

Vi vil gå gjennom innspela og utforme ei endeleg forskrift som blir gjeldande i løpet av 2022.

Med helsing

Ulf Lucasen (e.f.)  
assisterende miljøverndirektør

Geir Moen  
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent

## Vedlegg:



- 1 Forskrift om fiske utanfor vassdrag med anadrome laksefisk og nedsenking av garn i sjøen i Møre og Romsdal - Høyningsutkast 200422
- 2 Kart over nye og endra munningsfredingssoner

**Adresseliste:**

Navn	Adresse	Postnr	Postadresse
Aureelva elveeigarlag	v/ Jan Melseth, Haugsetvegen 314	6230	Sykylven
Austefjordvassdraget forvaltningslag	v/ Eldar Nes, Remerydet 5	6154	Ørsta
Austefjord grendalag	v/ Oddvar Høydalsvik, Sunndalsvegen 38	6110	Austefjorden
Averøy jeger- og fiskerforening	v/ Johnny Fevåg, Bythaugveien 9	6531	Averøy
Barstadvik elveeigarlag	v/ Nils Petter Tømmerbakk, Barstadvegen 50	6174	Barstadvik
Batnfjord elveeigarlag	v/ Egil M. Harstad, Gaupsetvegen 41	6631	Batnfjordsøra
Bondalen elveeigarlag	v/ Kenneth Hustad, Mo-Hustad 235	6165	Sæbø
Brudsalsvatnet grunneigarlag	v/ Svein Dalen, Rødsetvegen 42	6011	Ålesund
Driva elveierlag	v/ Tore Almberg Gravem, Sunndalsvegen 2987	6613	Gjøra
Eide jeger og fiskerforening	v/ Diana Nogva, Halåsbakken 48	6490	Eide
Eidsdal elveeigarlag	v/ Kirsti Indreeide, Veiberg 31	6215	Eidsdal
Eikesdal Grunneigarlag	v/ Lars Kristian Finset, Eikesdalsvegen 3135	6472	Eikesdal
Eira elveeigarlag	v/ Kirsti Fagerslett, Syltebøvegen 78	6470	Eresfjord
Engesetelva grunneigarlag	v/ Råger Arne Engeset, Fursetvegen 420	6200	Stranda
Farstadelva elveeigarlag	v/ Anders I. Farstad, Farstadvegen 849	6444	Farstad
Fetvassdraget grunneigarlag	v/ Odd J. Drotninghaug, Sørestrandv. 94	6220	Straumgjerde
Fræna jeger- og fiskerforening	v/ Hans Bjarne Tennøy, Malmefjordvegen 83	6445	Malmefjorden
Grunneigarlaget på Ulstein	v/ Johan Gert Ulstein, Fløvegen 201	6165	Ulsteinvik
Gursken elvelag	v/ Helge Sandvik, Vågen 27	6082	Gursken
Haddalselva elveeigarlag	v/ Even Soleng, Haddalsveien 27	6064	Haddal
Hareid elveeigarlag	v/ Karsten Brandal, Eliasgarden 6	6060	Hareid
Hildre og Myren Grunneigarlag	v/ Peter Odd Bjørkhaug, Hildstrandvegen 524	6272	Hildre
Hunda elveeigarlag	v/ Barbro Midtgård, Kursetvegen 43	6224	Hundeidvik
Hustadvassdraget forvaltningslag	v/ Ronny Dagfinn Groven, Flønesvegen 5	6444	Farstad
Høydal elveeigarlag	v/ Gunnar Høydal, Dalevegen 158	6110	Austefjord
Urke elveeigarlag	v/ Helge Urke, Indre-Urke 26	6196	Norangsfjorden
Innfjorden elveeierlag SA	v/ Oddmund Valved, Valved	6315	Innfjorden
Isa og Glutra elveeigarlag	v/ Arne Hoem, Nebbevegen 9	6320	Isfjorden
Molde jeger- og fiskerforening	v/ Lasse Kleveland		
Kilselva og Bjørkedalsvassdraget forvaltningslag	v/ Marius Kile Brenne, Sagebakken 3	6100	Volda
Kleppen utmarkslag	v/ Einar Oppigård, Åsagardvegen 121	6460	Eidsvåg



Korsbrekkeelva elveeigarlag	v/ Glenn Stadheim, Bygda 263	6218	Hellesylt
Lilledalen elvaeierlag	v/ Grete Marie Trædal, Kviturvegen 7	6600	Sunndalsøra
Mittetelva elveeigarlag	v/ Tore Gunnar Faye	6363	Mittet
Myklebust elveeigarlag	v/ Dagrun Molvik	6140	Syvde
Måna elveeigarlag	v/ Aage Wold, Monavegen 7	6386	Måndalen
Nedre Bævra elveeigarlag	v/ Hans Johan Aarnes, Bøverdalsvegen 386	6660	Bæverfjord
Nordangdal elveeigarlag	v/ Einar Arve Nordang, Sætrevegen 10	6200	Stranda
Norddal elveeigarlag	v/ Asbjørn Krohn Dalen, Furmyrhatten 1	6018	Ålesund
Nordre Eikesdal grunneigarlag	v/ Knut Arne Vike, Eikesdalsvegen 903	6470	Eresfjord
Nordre Vartdal Vilt- og Fiskelag	v/ Bjørn Rekkedal, Årskogvegen 118	6170	Vartdal
Nåsvatnet grunneigarlag	v/ Nils Erik Lyngstadaas, Lyngstadåsvegen 50	6490	Eide
Opdøla elveeierlag	v/ Iver Hagen, Hagavegen 57	6450	Hjelset
Osevassdraget fiskelag	v/ Olbjørn Kvernberg, Idrettsvegen 9	6413	Molde
Ramstadalselva elveeierlag	v/ Ola Arne Ramstad, Ramstadvegen 71	6230	Sykylven
Rauma elveeigarlag	v/ Vidar Skiri, Romsdalsvegen 7916	6300	Åndalsnes
Riksheimvassdraget grunneigarlag	v/ Frank Riksheim, Grøngotvegen 12	6220	Straumgjerde
Røa elveeierlag	v/ Bjørn Solemdalsgjerde, Solemdalvegen 106	6456	Skåla
Skjåstaddalsvassdraget elveeigarlag	v/ Andreas Gjelsvik, Rosetvegen 10A	6100	Volda
Skodje jeger- og fiskerforening	v/ Einar Arne Ytrelid, Bakkevegen 4	6260	Skodje
Skorgeelva, Vestnes JFF.	v/ Bernt Gjelsten, Postboks 171	6399	Vestnes
Slyngstadelva grunneigarlag	v/ Magne Slyngstad, Slyngstadvegen 346	6265	Vatne
Smøla grunneigarlag	v/ Svein Roksvåg, Roksvåg ytre	6570	Smøla
Smøla jeger- og fiskerforening	v/ Askill Sandvik, Konsul Knudtzons gate 8	6508	Kristiansund N
Standal elveeigarlag	v/ Jostein Grytten	6265	Vatne
Steinsvikselva/Vassbakkeelva	v/ Angeline Vassbakke, Vassbakkevegen 48	6120	Folkestad
Stordal elveeigarlag	v/ Jarle Hove, Hovslia 37	6250	Stordal
Strandaelva elveeigarlag	v/ Ole Jørgen Sve, Svegjerdet 29	6200	Stranda
Surna elveierlag	v/ Georg Solem, Nordsida 1604	6653	Øvre Surnadal
Sylte-/Moavassdraget forvaltningslag	v/ Rune Kvammen, Syltevegen 111	6440	Elnesvågen
Søya elveeigarlag	v/ Tor Fredrik Mikkelsen, Hamnesvegen 409	6610	Surnadal
Tafjord elveeigarlag	v/ Magnar Jon Dyb, Storsteinvegen 3	6200	Stranda
Tennfjord elveeigarlag	v/ Tor Inge Tennfjord, postboks 10	7358	Børsa
Todal utmarks- og elveeigarlag	v/ Per Anders Todal, Åkerbergveien 12	0650	OSLO
Todalen elveeigarlag	v/ Asbjørn Karlsen, Pestua Pilskarvegen 46	6645	Todalen
Torvik Utmarkslag	v/ Egil Arne Torvik, Torvikvegen 36	6639	Torvikbukt
Tressa elveeigarlag	v/ Anders Skavnes, Neremsvegen 111	6391	Tresfjorden
Urke elveeigarlag	v/ Kjellfrid Prestegarden, Håkonsgt. 61A	6150	Ørsta



Vaksvikelva	v/ Tore Vaksvik, Vaksvikvegen 41	6240	Ørskog
Valldal elveeigarlag	v/ Aksel Døving, Døvingssida 88	6210	Valldal
Vartdal elveeigarlag	v/ Ivar Wartdal, Brudeholmvegen 9	6013	Ålesund
Vatnevassdraget grunneigarlag	v/ Gunnar Hatlehol, Øvstebygda 88	6265	Vatne
Vikeelva elveeigarlag	v/ Ole-Thomas Kulseth, Ormevegen 10	6230	Sykkylven
Visa Samarbeidsutvalg	v/ Kåre Hindhammar	6364	Vistdal
Viåen Elveeierlag	v/ Inge Engås, Sjøgata 3	6390	Vestnes
Volda Jeger og sportsfiskarlag	v/ Knut Magne Årseth, Linavegen 2	6103	Volda
Vågselva	v/ Helge Sandvik, Vågen 27	6082	Gursken
Ytre Fræna Grunneigarlag	v/ Kjell Inge Hatle, Farstadvegen 849	6444	Farstad
Øksendal vilt- og fiskelag	v/ Stig Jonny Smistad, Usmavegen 172	6610	Øksendal
Øre Utmarkslag	v/ Kristen Ulset, Skeisdalsvegen 153	6631	Batnfjordsøra
Ørskog elveeigarlag	v/ Helene B. Fjørtoft, Giskemovegen 20	6240	Ørskog
Ørstavassdraget elveeigarlag	v/ Per Magne Bjørndal, Åmdalen 47	6156	Ørsta
Ørsta jeger- og fiskerforening	v/ Daniel Breivik, postboks 231	6150	Ørsta
Åheim elveeigarlag	v/ Svein Thue, Gnr 48 bnr 21	6146	Åheim
Ålvunda	v/ Lars Midttun Seljebø	6622	Ålvundfjord
Alle kommunane i Møre og Romsdal			
NJFF Møre og Romsdal	Skaret 10	6422	Molde
Møre og Romsdal fylkeskommune	Fylkeshuset, Pb. 2500	6404	Molde
Møre og Romsdal fiskarlag	Postboks 936	6001	Ålesund
Forum for natur og friluftsliv, Møre og Romsdal	Idrettsvegen 2	6413	Molde
Fiskeridirektoratet	postmottak@fiskeridir.no		
Miljødirektoratet	post@miljodir.no		
Statens naturoppsyn Molde, Smøla, Åndalsnes og Ålesund			